

Kvinnelyst

- *nyskapande tradisjon*



Kvinnekonferanse

Gullbring Kulturanlegg, BØ

Laurdag 12. november 2016
Kl. 09:30 - 15:15

Lystig og nyttig konferanse som skal inspirere,
byggje nettverk og vise moglegheiter.

I løpet av dagen vil du oppleve

Kl 09.30 Registrering og lyst på mat og prat

Kl 10.00 Lystig velkomst og musikk



Anne Hytta - frå Sauland, busett i Oslo, er blant dei fremste hardingfeleutøvarane i landet. Ho arbeider både med det tradisjonelle folkemusikkrepertoaret og med nyskrive musikk. Som frilansmusikar er Anne involvert i ei rekke ulike prosjekt, frå middelaldermusikk til jazzinnspelningar til musikk for ny dansekonst.



Unni Boksasp, Tinn - musikar på heiltid, både som solo kvedar, i ulike ensemble, som komponist og pedagog. Formell utdanning har ho frå Kungliga Musikhögskolan i Stockholm og frå Høgskolen i Telemark, avdeling Rauland. Med sitt eige Unni Boksasp Ensemble, har ho gjeve ut tre cd-ar og for plata Keramello mottok dei Spellemannsprisen.



Ellen Margrethe Garn, Fyresdal - styreleiar for Telemark Bygdekvennelag. Nå er Ellen Margrethe pensjonist, men har tidlegare jobba bla. som lærar, folkehelsekoordinator og aktiv i lokalpolitikken. I fritida er Ellen aktiv med kulturformidling, bla. i kor med ansvar for store teaterframsyningar.



Kari Anne Valsø, Tinn - sjølvstendig næringsdrivande der ho hjelper bedrifter i ulike fasar. Styreleiar i Nettverkskreditt Telemark og prosjektansvarleg for MØY – Kvinnebedrifter med Telemarksving.

Kl 10.30 Kvinneleg nyskaping i Telemark – kor nyskapande er det tradisjonelle?



Anne Spånem, Skien - kommunikasjonssjef hos Fylkesmannen i Telemark. Tidligere har ho jobba 30 år i mediabransjen, i NRK og ikkje mindre enn 24 år i Varden, med leiaroppgåver i 16 av dei. Ho er aktiv bokbadar i Litteaturhuset i Skien, andelsbonde på Århus gård og ivrig kuffestrikkar.



Rita Regbo, Skien - utviklingssjef for regional utvikling i Telemark fylkeskommune. Avdelinga har ansvaret for å utvikle fylkeskommunen som leiande regional utviklingsaktør og skape ei positiv samfunnsutvikling i Telemark. Rita har 20 års erfaring frå kommunal sektor, og 16 år med leiarerfaring. Rita er utdanna agronom og sivilingeniør.



Ingeborg Lindheim, Gvarv - medeigar av Lindheim fruktgard og Ølkompani saman med mannen sin. Ingeborg er utdanna adjunkt frå NTNU, men jobbar fulltid på garden med sal, logistikk og gardsarbeid. Ho kjøpte fruktgarden av foreldra sine saman med Eivin i 2013 og etablerte Lindheim Ølkompani same år.

Kl 11.30 Minikonsert

Kl 11.45 Lystig og god lunsj

Kl 12.30 Nyskapande tradisjon i praksis



Ellen Nordstoga, Vinje - leiar for prosjekt der alle barn i skule og barnehage får kurs i halling og gangar. Ellen har jobba 10 år i Telemarkkonsertar, har fått Vinje kommunes kulturpris, Telemark mållags kulturpris og Teskjeikjerringprisen. Ved sidan av folketradisjon har ho engasjert seg i Norsk kulturarv og dreiv Mjonøy i 12 år.



Ane Hobæk Ose, Porsgrunn - eigar XenaCom AS. Xenacom driv med PR- og kommunikasjon, music management, promotering, booking og events

Kl 12.30 Nyskapande tradisjon i praksis

Kl 13.00 Parallellsesjoner

Tre parallelle grupper:

A) Eiga verksemd

Kva må til for å få det til? Gruppearnsvarleg: Linda Cecilie Furulund



Linda Cecilie Furulund, Skien - driv Kunstgjødse AS på 15 året. Linda er særleg opptatt av mikrobedrifter som er drive av kvinner og bedrifter innan kultur. Linda er prosjektleiar for MØY – Kvinnebedrifter med Telemarkssving.



Elisabeth Enoksen, Stavanger - førsteamanuensis i sosialt arbeid ved Universitetet i Stavanger og er involvert i prosjektet om kvinnelege gründerar gjennom Telemarksforskning. Ho er utdanna sosionom og har doktorgrad i endringsleiing. Elisabeth har tidlegare forska på blant anna rettferd på arbeidsplassen, mangfaldsleiing og diskriminering.



Gunn Kristin Aasen Leikvoll, Bø - forskar ved Telemarksforskning og er utdanna journalist og økonom. På Telemarksforskning arbeider Gunn Kristin tverrfagleg på områda kulturforskning, kommunalforskning og regional utvikling, og er for tida involvert i forskings-prosjekt om kvinnelege gründerar i Telemark.

B) Frivillig arbeid

Korleis få fleire til å bli med? Korleis kan eg bidra? Ei kreativ arbeidsøkt! Gruppearnsvarleg: Anna Sofie Willumsen



Anna Sofie Willumsen, Porsgrunn - eig og driv Drodleriet. Anne Sofie er visuell fasilitator, møtenerd og drodlar. Ho tilrettelegg og gjennomfører ulike typer av møte, workshops og prosessar.

C) Integrere flyktingar

Korleis samspekar vi? Gruppearnsvarleg: Torunn Hovde Kaasa



Torunn Hovde Kaasa, Hjartdal - er flyktingkonsulent og folkehelsekoordinator i Hjartdal. Ho har vore leiar i Telemark Bygdekvinnelag og er styreleiar i HjartdalBanken. Torunn er tidlegare ordførar i Hjartdal og har i fleire år jobba med småbedriftsetableringar og vore knytt til nettverkskreditt.



Cathrine Lyngstad – Skien, MØY fasilitator og eig Almekraft senter for kreativitet og fornying. Saman med Wenche Holdhus har ho utvikla MØYintensiv - eit forkurs som har som hovudmål å bevisstgjere og styrke innvandrar kvinner som har ein draum å starte eiga bedrift. Cathrine har lang erfaring frå offentleg sektor med sysselsetting og intergreringsarbeid som fokusområde.

Kl 14.10 Nyskapande handverk – reint, ekte og nordisk



Linn Sigrid Bratland, Vinje – driv sylvsmedverkstad og er designer. Ho produserer smykker i sylv og emalje, som blir hovudsakleg selt i Norge. Linn Sigrid har bakgrunn og utdanning innan tradisjonskunst og folkloristikk, men tolkar og brukar fritt gamle teknikkar, materiale, former og tema. Naturen er også ein stor inspirasjon, men gjerne stilisert og forenkla.

Kl 14.45 Kvinner i folkemusikken – avslutningskonsert med Hytta / Bokspasp

Kl 15.15 Vel heim

Praktiske opplysningar

Elektronisk påmelding <https://www.deltager.no/kvinnekonferansetelemark2016>
Kursavgift kr 350,-.

Dei som treng å få tilsendt faktura, sender e-post til bergit.li@bondelaget.no.

Påmeldingsfrist: 9. november

Kvinnekonferansen er utvikla av

- ✓ Telemark Bondelag
- ✓ Telemark Bygdekvinnelag
- ✓ Telemark Landbruksselskap
- ✓ Nettverkskreditt Telemark
- ✓ MØY – kvinnebedrifter med telemarkssving

Konferansen er støtta økonomisk av Telemark Fylkeskommune.
Teknisk arrangør er Bygdevis.

Velkommen til en lystig og nyttig konferanse for landbrukskvinner, bygdekvinner og bykvinner

TELEMARK BONDELAG



TELEMARK
fylkeskommune



nettverkskreditt
Telemark